Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav.

Oppskr. av: E. Valevatn.

(adresse): Dorgefoss.

Fylke: Vest-Agder.

Herad: Øvre Sirdal.

Bygdelag: — " —

Gard: Eg bur på Tveiten

G.nr. 15 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
Er etter eiga röynsle. Eg er 70 år. Lærar h. v.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nei, ikkje noko samnamn for dei ymse slag fôr.

2. Nei, ikkje noko samnamn.

3. Notid: skjev – fortid: skov – framtid: vil eller skal skava.

4. Ja, ein har nytta skav til kröterfôr. Ein kallar det skav. Ein reknar det til hjelp i vanskelege år.

5. Ein nyttar berre raun. Ein skjev ikkje andre slag tre, ikkje bartre.

6. Ordet skav (skjevla) er nytta om raun.

7. Noko rim som nemnt kjenner eg ikkje.

8. Det var helst ku og geit som fekk skav. Dei fekk det fram på vårparten, når det synte seg at högjet vart lite. Til visse mål eit eller to om dagen, og då berre skav.

9. Ein fekk noko meir mjölk ved å bruka skav enn med dårleg utmarkshöy. Smöret vart også noko meir gult.

10. Når det synte seg at det vart lite höy, drog ein til skogs eins erend etter raunelass. Hesjeveden vart ikkje skaven til fôr.

11. Ein kallar det å reisa etter skavved.

924

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
924

12. Ein kallar veden for skavved.
13. Gjesmingsordet markka kjenner eg ikkje.
14. Ein hentar det om vinteren på godt snöföre. Det vert rekna som vanlegt arbeid å henta skavved. Langfredag skulle ingen henta skavved. Det var helgedag.
15. Dei held seg inne i stova med skavinga.
16. Det vert nytta skavljå. Dei tek eit gamalt ljåsbrot og tullar ei tyfille kring tjukkaste enden og held så tynsleljåen i högre handi. Ein tynsleljå reknar ein som beste skavereiskapen.
17. Når ein skjer, nyttar ein ein vanleg stovekrakk med eit hol i eine enden til å setja ein pinn nedi. Denne pinnen vert kalla ein skavhal.
18. Dei stydja skavljåen mot skavhalen og heldt ljåen i tyfilla med högre handi. Ordet skavhal vert nytta berre om den pinnen som er nemnt ovanfor i nr. 17.
19. Når dei skjer, sit dei overskrevs på krakken og held reiskapen i högre handi og skavkjeppen med den vinstre og dreg kjeppen fram og attende under verktyet.
20. Veden ein skjer, kallar ein skavved.
21. Borken ein skjer av, kallar ein skav. Til skavet reknar ein og alle dei smalaste raunekvistene som ein bryt i hop med skavblokkene.
22. Som regel skjer ein tunne kjeppar, ein högg helst unge medels store raunar. Men er det store, gamle raunar, skjer

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ein også dei tjukkaste brandane.
Veden er på lengd som vanleg brennevéd.
23.// Kjeppane som ein har skave,
skallar ein skjevlar. Eintal: en skje-
vel, fleirtal: fleire skjevlar.
Skjevel er ein tunn kjepp. Kubb er ein
tjukk brand.
24.// Liten grand av vedlaget kan fylgja
med. Om nokon var flinkare enn an-
dre til å skava godt skav, veit eg ikkje.
25.// Den skavne veden, skjevlane, nyt-
tar ein til vanleg brennevéd.
26.// I dårlege høyår nyttar framleides
mange her skav til fôr, men ikkji i gale.
Raunneskav vert rekna som godt
kraftfor, like godt og næringsrikt som
kli eller anna kraftfôrmjøl.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING